

**Klepp ungdomsskule**  
Stasjonsvegen 26b  
4352 KLEPPE

---

## **Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet innkalling til møte**

Referat, mandag 23.oktober 2017 kl 1830, Klepp ungdomsskule:

Tilstades:

FAU: Stig Erlend Eidså, Gunvald Falkum

Politisk repr.: Frode Salte

Tilsette: Frøydis Kyllingstad, BenteSiri Ims

Elevråd: Maame Yeboah (fråfall: Thea Rosland)

Kommune: Fung.rektor Kjetil Myklebust

Sendt ut varsel om dato 250917

Sendt ut innkalling med link 101017 (eigen side på heimesida til skulen)


Møteleiar: Kjetil Myklebust

Referent: Frøydis Kyllingstad

Intro-runde. Kjetil informerte at i SMU-saker skal elevar og foreldre vere i fleirtal, og viss det skulle komme til ein avstemming må møtet ta hensyn til det.

### **Saker:**

1. Konstituering: Kjetil leier SU inntil vidare
2. Oppstart personal: Info om rektorsituasjon. Marit Sørensen er fortsatt fråværande, Kjetil er konstituert i første omgang til jul, mest truleg ut skuleåret. Det er mange lærarar på vidareutdanning – totalt 9. 6 er på såkalla vikarordning, noko som gjer at dei får redusert undervisningstid for å studere. Dette gjer at ein har noko fleire tilsette.
3. Økonomi: Skulen brukar ein del eksterne vikarar, både fordi vi har mange på studie (og spreidde samlingar), men óg for at ikkje totalbelastning på resten av personalet skal bli for stor. Det er og billigare. Spm frå FAU om bruk av eksterne vikarar fører til svakare elevresultat. Vanskeleg å seie på kort sikt. Men, det er svært få tilfeller der eksterne vikarar tek vurderingar (set karakterar). Elles har skulen måtte ta inn underskot frå tidlegare og planlegg med å kome ut i balanse til jul.
4. Utviklingsplan 2017-18: Kjetil orienterte om planen, og korleis skulen brukar tid på utviklingsarbeidet. Prioriterer få satsingar, og å halde på dei same over tid. Nytt dette året er læringsteknologi (iPad). Bruke tid på å trygge personalet i pedagogisk bruk av dette. Kommentar FAU: Mykje gode tilbakemeldingar frå foreldre på bruken av iPad. Spesielt nyttig at fag og grupper på Showbie er opent for foreldreinnsyn.



---

Klassemiljø og klasseleiing er ei vidareføring over fleire år, men skulen ser at dette er viktig å halde høgt, og bidrar til gode relasjonar i fleire ledd og dermed betre læringsmiljø.

5. Kommunalt ordensreglement: Klepp ønskjer å vedta eit felles ordensreglement for alle skulane. Kjetil informerte om dette.

Sidan Klepp U vedtok ny Forskrift til ordensreglement for skulen i januar 2016, synes ikkje skulen at ein skal bruke tid på ein ny høyringsrunde rundt dette, og Kjetil foreslo å sende inn den eksisterande forskrifta som høyringsutkast. Dette fordi at vi veit at denne følgjer naudsynte reglar og forskrifter som krevst.

Spm frå FAU: Er det nye reglementet blitt evaluert?

Kjetil: Skulen er særst nøgd med reglementet, det fungerer etter hensikt.

Spesielt nyttig i arbeid med elevar/føresette i saker rundt orden/åtferd og ved fastsetting av karakter orden/åtferd. Totalt sett er det ikkje evaluert, men ein ser på enkeltdeler av reglementet når det dukkar opp aktuelle behov for endringar. Dette gjeld til dømes korleis skulen handterer elevars mobiltelefonar. Dei vert no samla inn klassevis. Hovudsaken står likevel fast; at skuletida skal vere mobilfri sone.

Vedtak: Ingen motforestillignar mot å sende inn eksisterande reglement som høyringsutkast.

Presisering: Reglementet er ei forskrift, og endringar må difor godkjennast av SU.


6. Div info:

Eksamen: Det blir arbeidd med å få til eksamen på læringsbrett. Vi hadde gode erfaringar med bruk av kantina i Klepphallen til skriftleg eksamen våren 2017, og ønskjer å vidareføre dette. Skulen har godt samarbeid med driftsleiar i Klepphallen.

Visma: Foreldrepålogging ligg på heimesida. Foreldre kan sjå fråvær, anmerkningar, vurderingsoversikt. Skulen vil at foreldre skal logge seg inn og oppdatere seg før utviklingssamtalar. Desse skjer i desse dagar og vi har lite info så langt om kor mykje dette blir gjort.

### **Skulemiljøutvalet (SMU)**

7. Mobbelogg-trivselslogg: Skulen har hatt ein såkalla «mobbelogg» i papirformat som har brukt i mange år. Våren 2017 prøvde vi ut ein digital variant av dette. Denne er no vidareutvikla for å omfatte endringar i Opplæringslova §9A – og blir no kalla «Trivselslogg». Denne tek elevane to gonger per semester via iPad. Vi ser etter første gongs gjennomføring større melding av saker. Det kan vere lurt å i nokon grad bevege seg vekk frå mobbe-omgrepet når ein snakkar om trivsel. Vi har per no fleire melde saker ift aktivitetsplikt enn vi hadde «mobbesaker» før.



---

Spm. om «mobbeknappane» fungerer (på heimesida til skulen): Desse er lite brukt, personalet brukar gjerne «den blå» fordi ein der finn skjema og informasjon knytt til oppfølging av saker.


For elevane er det viktige at dei har nokon å gå til – og der er relasjonsdelen av klasseleiinga viktig, samt at vi har fungerande funksjonar som helsesøster, sosiallærarar og eigen miljøterapeut. Kjetil framhever at skulen brukar ein person (60% stilling) på eigen miljøterapeut. Dette gjer at saker med elevar blir tatt fort, at det blir ein kontinuerlig oppfølging, og at det i nokon grad avlaster kontaktlærarane i arbeid med elevsaker.

8. Nettvett: Det er mange gode saker som ein burde rydde plass til i skulen, men vi må begrense dette i stor grad og seie kva som er våre kjerneoppgåver. Akkurat temaet nettvett har vore eit ønskje både frå FAU og det har vore etterspurt blant lærarane. Det skjer mykje på området blant dei unge, og det er vanskeleg for foreldre og lærarar og ha oversikt. Det skjer óg mykje på sosiale mediar utanom skuletid som kan påverke skulekvardagen for enkelte.

FAU hadde Barnevakten inne med foredrag om ungdom og sosiale mediar på årsmøtet i august. Skulen har etterspurt eit opplegg frå Politiet utan at dette har gitt napp. FAU vart spurt om å sponse eit opplegg med Barnevakten. Dette sa dei ja til, og denne veka kjem ein representant frå Barnevakten og skal ha eit opplegg i kvar klasse på 9. trinn. (Særs gode tilbakemeldingar så langt).

9. Klassemiljø: Forventningar til klassekontakter – skriv som no ligg på heimesida til skulen, der målet er å avklare kva skulen forventar av klassekontaktene og få mest mogeleg lik praksis mellom klassane.
10. Søknad uteområde: Skulen er i dialog med Lokal utvikling for å søke om oppgradering av uteområdet nord for skulen. Ønskje frå elevråd at ein gjer om sandvolleyballbanen til eit fast dekke som lettare kan brukast heile året, samt å få opp ein type klatrestativ på deler av plenen. Blir sendt iløpet av hausten.
11. Partnerskap mot mobbing: Informasjon om tiltaket, at Klepp u er ein del av Kleppe skulekrins i dette arbeidet og at samarbeidet med FAU og elevråd er i gang. Idrettslaget er også ein viktig partner i dette.
12. Anna: Frode Salte spurte om stoda til skulekantina ved Klepp u.

Frøydis informerte om korleis denne fungerer, at det er elevar som står for salet, men i hovudsak personal som lagar mat. Av og til er det med enkeltelevar i arbeidet med å lage mat. Arbeidslivsfag har i samband med kantina ei elevbedrift der dei sel varm mat, og har eige budsjett/rekneskap med sin del av drifta (dette er kun nokre dagar deler av året). Ulike løysingar ift betaling har blitt vurdert, men foreløpig er det kun kontantar som gjeld. Elevrådet har tatt opp bruk av kort, men dette er blitt vurdert for ineffektivt og dyrt i første omgang.



## **Klepp ungdomsskule**

Stasjonsvegen 26b  
4352 KLEPPE

---

Kjetil sa at skulen ønskjer først og fremst at elevar har med mat sjølve og at kantina kun skal vere eit supplement. Det er eit sosialt tiltak, men kantina er for lita til at det kan brukast som område for felles måltid. Sjølve etinga blir då uansett i klasseromma. Skulen brukar personalressurs på dette, og det er stadig ei vurdering på nytteverdien av ei slik kantine. Spesielt går dette på omfang av varmmat og utval generelt. Det at ein har høve til å involvere elevar i deler av kantinedrifta er stort gode som talar for å halde på den slik det er no.

Møte slutt ca kl. 2010.